



I fint ver vert fram møte ute på kaien.

Jens Ljosnes døydde for kort tid sidan. Han var sentral i arbeidet då Bøkkerverkstaden vart opna og teken i bruk i 1995. Jens Ljosnes samla og rigga sjøbruksutstillinga i sjøbua. Kristian Hus vil særleg ta fram Jens Ljosnes i kåseriet sitt. Jens var nemleg ein av dei Hus hadde med i boka Godt Vaksen.



Motorskøyta FORTHUNA ligg på kai og skaper stemning i eit maritimt miljø

Jens Ljosnes var tidleg knytta til og sjøen, som sjømann i reiarlaget Hilmar Reksten, i fraktefarten med far sin og seinare som finsnikkar på Eidsvik skipsbyggeri. Mange kjenner han godt som treskjerar og som ein gild og hjelpsam mann i bygda.

Det vert elles meldt frå om god påmelding til Bøkkerkvelden på laurdag. Det er plass til fleire, men arrangøren ynskjer påmelding innan fredag i denne veka. Frammøte seinast kl. 21.

Tekst/foto: Kristian Bringedal

Nett: Thor Inge Døssland